

Sjølveleingstiltak for elevar med åtferdsproblem

REFERANSE:

Smith, T. E., Thompson, A. M., & Maynard, B. R. (2022). Self-management interventions for reducing challenging behaviors among school-age students: A systematic review. *Campbell Systematic Reviews*, 18, e1223. DOI: <https://doi.org/10.1002/cl2.1223>.

Omkring ein av fem elevar i grunnopplæringa har det ein kallar problematisk åtferd. Slik åtferd kan vere vanskeleg å komme til livs, men det er tydelege indikasjonar på at tiltak kor elevane trenar på å leie seg sjølv, har god effekt.

Studien

Ei forskargruppe tilknytt Institutt for utdanning, skole og rådgivingspsykologi ved Forskingssenter for førebygging ved Universitetet i Missouri, USA har utført det systematiske kunnskapsoversynet¹ som er samanfatta i dette forskingsnotatet. Studien er publisert via Campell Collaboration, som er eit senter som publiserer systematiske kunnskapsoversyn av svært høg kvalitet med det mål for auge å gje politikarar eit solid kunnskapsgrunnlag for sosiale og økonomiske reformer.

Bakgrunn

Åtferdsproblem kan vere så mangt, men blir her definert som a) direkte og indirekte former for aggressiv åtferd (t.d. vald, ugrei språkbruk og ryktespreiing), b) open og skjult antisosial åtferd (t.d. steling, mobbing, løgnaktigheit og juksing) og c) manglande vilje til å innordne seg (t.d. vike unna oppgåver, motsette seg samarbeid, regelbrot og manglande fullføring av oppgåver). Åtferda er problematisk når ho avviker frå det normale funksjonsnivået i aldersgruppa og dessutan hindrar barnet si akademiske eller sosiale utvikling og trugar med å skade barnet eller barnet sine medelevar.

Elevar med utfordrande åtferd skaper problem ikkje berre for seg sjølv, men òg for medelevar og lærarar. Både eleven med problema og resten av klassen mister undervisningstid og læringsmoglegheiter. I USA reknar ein med at kvar elev mistar 144 undervisningstimar per år grunna problemåtferd i klasserommet. I tillegg belastar slik åtferd læraren og kan føre til både stressreaksjonar og utbrentheit. Ein amerikansk undersøking blant kvalifiserte lærarar viser at om lag halvparten av lærarane som søkte seg til ein annan skule eller slutta i jobben, oppgav utfordrande elevåtferd som hovudårsak. Det er derfor nødvendig at skolane har på plass tiltak for å hjelpe elevar med problemåtferd til å gjere sosiale, emosjonelle og åtferdsmessige endringar. Straff og liknande autoritære reaksjonar er ein måte for skolen å reagere på uønskt åtferd på, men det er gode vitskaplege indikasjonar på at det å styrke eleven sin autonomi gjennom kontinuerleg trening på sosiale, emosjonelle og åtferdsmessige ferdigheiter gjev betre resultat. Tiltak som rettar seg mot autonomitrening med sjølveleingsferdigheiter² som endeleg mål, bør kombinere opplæring i mellom

¹ **Systematisk kunnskapsoppsummering/-oversyn:** Ei systematisk kunnskapsoppsummering tar utgangspunkt i et klart definert forskings spørsmål eller mål og bruker systematiske og eksplisitte metodar for å identifisere, velje ut og kritisk vurdere relevant forskning, samt for å samle inn og analysere data frå studiane som er inkluderte i oppsummeringa. Kunnskapsoppsummeringa resulterer ofte i eit systematisk kunnskapsoversyn, som regel ein artikkel eller ein rapport, som gir eit oversyn over temaet eller svar på forskings spørsmålet.

² «Sjølveleing» er ei direkte omsetning av det engelske omgrepet «self-management». Det er ennå ikkje utarbeida ei norsk omsetning av «self-management» som er allment akseptert.

anna det å gjere val, problemløysing, målsetting, sjølvmedvit, sjølvobservasjon, sjølvevaluering og sjølvleiing. For yngre elevar kan opplegget til dømes involvera verktøy som det velkjende smilefjesskjemaet for grad av måloppnåing (t.d. «rekte opp handa», «satt på stolen»). For eldre elevar kan ein bruke skjema som er meir detaljerte, til dømes «Fullførte arbeidsoppgåva eg fekk i 4. skoletime» («ja/nei»). Vidare er det ulike måtar å bekrefte eller lønna eleven for meistring på.

Føremål

Forskinga på temaet sjølvleiing veks i omfang og det er behov for å samle den kunnskapen ein har, slik at myndigheiter, skoleleiingar og praktikar kan ta informerte val når dei skal finne måtar å handtere problematisk elevåtferd på. Den systematiske kunnskapsoppsummeringa som er gjort her, har fokus på å undersøke kor effektive ulike sjølvleiingstiltak (SLT) er. Forskingsspørsmåla er (vår omsetting):

1. Kor effektivt reduserer ulike SLT åtferdsproblem i klasserommet eller styrkar positiv og prososial åtferd i klasserommet?
2. Kva seier eksisterande vitenskapleg litteratur om tilstanden til forskinga på SLT?³

Inkluderte studiar

Bibliotekarar, ekspertar og forskarar samarbeidde om å søke etter både publisert og upublisert (grå⁴) litteratur. Søka blei gjort digitalt i åtte ulike elektroniske databasar og ymse register og nettsider, samt manuelt i mellom anna kjeldelister, tidsskrift og ved personleg kontakt. For å bli inkludert i den systematiske kunnskapsoppsummeringa måtte studien:

1. vere enten a) ein randomisert kontrollstudie⁵ eller ein kvasi-eksperimentell studie⁶ eller b) ein kasusstudie⁷
2. involvere deltakarar i skolealder (5–21 år) utan uttalte intellektuelle problem/forstyringar, men med åtferdsproblem i ordinær undervisning eller spesialundervisning
3. måle effektar av intervensjonen (tiltaket⁸) i form av endringar i klasseromsåtferd (primærutfall) eller endringar i akademiske resultat (sekundærutfall)
4. finne stad på skolen (privatskole, offentleg skole, spesialskole, alternativ skole, friskole)
5. involvere ein kognitiv åtferdsintervensjon
6. vere publisert mellom 1988 og 2020
7. vere publisert på engelsk

Totalt 79 studiar blei inkluderte i den systematiske kunnskapsoppsummeringa. Av desse var 75 kasusstudiar, mens dei resterande fire studiane hadde eit gruppedesign. Fleirtalet av studia ($N = 68$,

³ Dette forskningsspørsmålet er brote ned i åtte parameter som er brote ned i nye parameter. Se originalartikkelen (s. 9) for meir informasjon.

⁴ **Grå litteratur:** Artiklar og dokumentar som ikkje er publisert eller som ikkje er publisert gjennom de tradisjonelle kommunikasjonskanalane for forskning, for eksempel upubliserte forskingsstudiar, avhandlingar eller offentlege utgreiingar.

⁵ **Randomisert kontrollstudie (RCT):** Ein studiedesign der deltakarane er randomiserte (tilfeldig fordelte) til ei tiltaks- og kontrollgruppe. Resultata blir vurderte gjennom å samanlikna utfall i behandlings-/tiltaksgruppa og kontrollgruppa.

⁶ **Kvasieksperimentell studie:** Ein type studie som deler deltakarene inn i grupper på ein ikkje 100 % tilfeldig måte (kvasirandomisering), t.d. fordeling ved hjelp av annan kvar, fødselsdag eller vekedag/dag i månaden. Kvasirandomisering kan sjå tilfeldig ut, men fordelinga er føreseieleg og det er mogleg å manipulera kven som blir fordelt til kva gruppe

⁷ **Kasusstudie:** Ein studie som inkluderer individ (kasus) med et utfall, til dømes dysleksi eller eit stigma.

⁸ **Tiltak:** Inngrep eller behandling. I ein eksperimentell studie gir ein individ, grupper, einingar eller liknande noko som ikkje allereie eksisterer, t.d. tilgang til eit læremiddel eller ein undervisningsmetode, for å undersøkje effekten av tiltaket.

90,67%) var frå USA, medan dei resterande var frå Storbritannia ($N = 2$), Canada ($N = 2$), Australia ($N = 2$) og New Zealand ($N = 1$).

Resultat

Tiltaka i dei ulike studiane varierte ein god del i utforming og måten dei blei tatt i bruk på. Av deltakarene i dei 75 kassustudia, var 82,20% gutar med ei snittalder på 11,3 år. Deltakarene i dei fire resterande studiane fordelte seg jamt mellom kjønna, og tre av studiane retta seg mot elevar i barneskolen.

Oppsummeringa av dei 79 studiane indikerer at effekten av dei ulike tiltaka på forskjellige typar åtferdsproblem blant elevar i grunnopplæringa er svært god. Tiltaka hadde særskilt positiv effekt på elevar si evne til å fylje instruksar. I tillegg reduserte tiltaka forstyrrende åtferd og styrka dei prososiale evnene til elevane .

Tiltaka hadde også moderat, men tydeleg positiv innverknad på elevane sine akademiske resultat. Tiltakseffekten var særleg positiv effekt på elevar si evne til å fullføre skolearbeid, etterfølgd av ei betring i akademisk måloppnåing.

Når resultatata blei analysert på bakgrunn av variablar⁹ knytt til elevar (kjønn og kjønnsidentitet, alder, etnisitet og grad av spesialpedagogiske tiltak) og tiltak (mellom anna tiltaket si varigheit, i kor stor grad deltakarane følgde instruksane i tiltaka eller opplæring av elevane). Variablane knytt til elevkarakteristikkar indikerer at tiltaka har størst effekt på svarte elevar samanlikna med elevar med kvit, latinamerikansk eller annan etnisk bakgrunn. Forskarane bak kunnskapsoversynet påpeiker at dette resultatet nok ikkje er så rett fram som det kan synast: Fleirtalet av studiane er frå rurale skoler i USA. Det er kjend at svarte elevar opplever meir diskriminering enn andre etniske grupper i det amerikanske utdanningssystemet, samstundes som berre 7% av den amerikanske lærarstyrka er etnisk svart. Denne skeivheita gjer at det stadig er dei kvite lærarane som direkte eller indirekte har den kulturelle definisjonsmakta i det amerikanske utdanningssystemet, og det kan nok tenkast at dette ikkje er til fordel for svarte elevar. På bakgrunn av dette tolkar Smith et al. resultatata slik at tiltaka sannsynlegvis ikkje er meir effektive for svarte elevar enn for andre etniske grupper. Vidare indikerer kunnskapsoppsummeringa, i motsetnad til tidlegare systematiske kunnskapsoversyn på temaet, at tiltaka er meir effektive viss eleven mottar dei i spesialpedagogiske tilhøve enn i inkluderande klasserom. Det er ingen indikasjonar på at kjønn eller utdanningsnivå (barne-/ungdomsskole eller vidaregåande skole) spelar inn på tiltakseffekten. Når det gjeld variablane knytt til tiltaka, hadde verken opplæring i, truskap til tiltaket eller varigheit nokon innverknad på tiltakseffekt, men det er ein svak indikasjon på at kortare tiltak hadde større effekt enn lengre. Dette kan bety at sjølv korte tiltak kan vere verdt å satse på.

Implikasjonar

Åtferdsproblem har vidtrekkande negative konsekvensar for både eleven med problemet og for medelevar, klassemiljø og lærar. Det finst mange vaksenleidde tiltak for å bygge prososiale ferdigheiter, men få tiltak som retter seg mot å hjelpe elevar med åtferdsproblem til å bli gode og autonome eigenleiarar. Det er viktig å identifisere gode døme på slike opplegg, spesielt for litt eldre

⁹ **Variabel (moderator):** Ein variabel (faktor) som påverkar retninga og/eller styrken mellom den avhengige og uavhengige variabelen. Til dømes kan sosioøkonomisk bakgrunn vere ein moderator mellom kjønn og utdanningsnivå. Eit tenkt eksempel kan vere at fleire kvinner enn menn tar høgare utdanning, men at kvinner frå låg sosioøkonomisk bakgrunn har like lågt utdanningsnivå som menn.

LÆRINGSMILJØ

elever, som av naturlige årsaker er tilbøyelege til å hevde behov for autonomi og dermed er mindre villige til å innordne seg meir autoritære tiltak.